



VIKEDAL BYGDAHUS OG IDRETTSHALL – REGLAR FOR RUSSEARRANGEMENT

- Ein vaktliste med namn, mobilnummer og vaktansvarleg skal sendast styret i forkant. Minst fem vaksne vaktar over 18 år må vere til stades, med representasjon frå begge kjønn.
- Alle deltakarar må bidra til å halde huset reint og ryddig.
- Berre påmelde personar har tilgang til arrangementet.
- Vaktene skal sørge for at ingen blir overstadig påverka av alkohol.
- Unngå bråk utanfor bygdahuset av omsyn til eldre naboar.
- Røyking er berre tillate på anviste plassar utanfor bygdahuset.
- Arrangementet må avsluttast innan klokka 01.00.
- Huset skal behandlast med respekt, og eventuelle skadar må rapporterast og erstattast.
- Nødutgangar skal vere tilgjengelege, og brannsløkkingsutstyr på plass.
- Alt avfall skal sorterast og kastast i rette behaldarar.
- Arrangørar er ansvarlege for vask etter arrangementet, men kan avtale leige av vask på førehand.

28.10.24

Styret i Vikedal Bygdahus og Idrettshall